

Plan og Ressurs

Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 Dep

0030 OSLO

Arkivkode
C60 &00

Vår ref.
04/00603 - KRITHO

Dykkar ref.
2003/2777

Dato
30.06.2004

SVAR - HØRING AV FORSLAG OM ENDRING I FORSKRIFT OM PERSONALE I KOMMUNALE FOLKEBIBLIOTEK

Kultur- og kyrkjedepartementet har sendt ut eit høyringsforslag om endring i forskrift om personale i kommunale folkebibliotek og utkast til rettleiar til denne føreskrifta, med høyringsfrist 1. juli 2004. Fristen var altfor kort til ei forsvarleg kommunal handsaming av høyringa. Men i ei så prinsipielt viktig sak, finn ein det likevel rett å sende ein kommentar:

Hausten 2002 var det stor diskusjon om og motstand mot framlegget om å ta vekk kravet om fagutdanna biblioteksjef i alle kommunar i samband med utkast til ny lov om folkebibliotek. Saka stilna då statsråd Valgerd Svarstad Haugland skar gjennom og berre gjorde små endringar i lova i påvente av ein større revisjon. I si tale til landsmøtet i Norsk bibliotekforening i Molde 24. mars 2004, understreka statsråden at ho var nøgd med å ha fått høve til å reversere dette framlegget. Vidare gjorde ho greie for dei viktige oppgåvene biblioteka står framfor, og kor viktig det er å ta vare på kompetansen i folkebiblioteka i utviklinga av eit stadig meir saumlaust bibliotektilbod. Ho varsla også ein plan for heilskapleg utvikling av ein samla biblioteksektor. Framtidige utfordringar skulle identifiserast, og heile det norske biblioteklandskapet analyserast med vekt på å vurdera ulike typar verkemiddel på sektoren: organisatoriske, økonomiske, informative, og legale.

Det er difor med undring ein berre om lag ein månad seinare mottek eit framlegg til forskriftsendring som vil undergrave desse intensjonane.

I høyringsnotatet vert det påstått at det er semje i bibliotekmiljøet om at det er behov for å endre biblioteklova med omsyn til kravet om fagutdanna biblioteksjef i alle kommunar. Dette stemmer ikkje: På møte med ABM-utvikling den 20.02.04 uttrykte organisasjonane (Bibliotekarforbundet, Norsk bibliotekforening, Fylkesbiblioteksjefkollegiet og Fagforbundet) skepsis og undring over forslaget til forskriftsendring. Dei seier: "Vi er av den oppfatning at en forskriftsendring som har som siktemål å uthule §5 i bibliotekloven ikke vil bidra til en positiv og nødvendig utvikling av biblioteksektoren, verken faglig, administrativt eller strukturelt. Videre finner vi et slikt forslag til forskriftsendring vanskelig forenlig med de signaler som statsråden nylig har kommet med overfor sektoren". (Jfr Statsråd Valgerd Svarstad Haugland på NBFs årsmøte i Molde 24. mars 2004.)

Høyringsbrevet inneheld også andre stader påstandar og vurderingar som er svært generelle og lite underbygde med fakta. Språkleg er det uklare formuleringar. T.d. kan setninga:
" Biblioteksjefen er den som har det faglege og administrative ansvaret for kommunens samlede folkebibliotekvirksomhet" gje to heilt ulike tydingar. Den gamle formuleringa: "Biblioteksjefen har det..." bør difor framleis brukast.

Konklusjon

På veg mot det saumlause bibliotek er det svært viktig at biblioteksjefane i dei samarbeidande biblioteka – i praksis alle landets bibliotek - har same basiskunnskap og bakgrunn for forståing av dei utfordringane biblioteka har i møte med ei ny tid. Lik fagkunnskap og basis er garanti for samhandling og forståing for det saumlause bibliotek og samarbeid på breitt grunnlag mellom bibliotek både i Noreg og utanfor landet. Med reduksjon av kravet til eins og same fagutdanning for biblioteksjefar blir denne visjonen vanskelegare å oppfylle.

Ein bed difor om at gjeldande forskrift om personale i kommunale folkebibliotek ikkje vert endra.

Med helsing

Kristin S. Thorson
biblioteksjef

